

## Stevnedag og presentasjon av ny medarbeidar på Orreneset

Årets Orrenes-stevne vart ein dag med mykje blide folk og med påfyll av både åndeleg og lekamleg føde.

Laurdag kveld og natt til søndag regna det meir enn det hadde gjort i heile sommar, og mange lurte nok på om det var nokon som ville ta ut og reise til Orrenestevnet på søndag. Men søndagen kom med opphaldsvær og riktig mange hadde funne vegen til misjonscenteret vårt når stemnet starta kl. 1200.

I år var det Hilde Gjengedal og Gudron Longva som sto for songen og musikken, og dei fekk gje oss mykje godt både gjennom eigen song og i frisk og god allsong saman med forsamlinga.

**Leiar** i ImF-Ung Sunnmøre, Randi Fagerhol Lauvås leie begge møta og nyttilsett arbeidar i krinsen, Arild Ove Halås (tidlegare krinsleiar i Nordmøre og Romsdal Indremisjon) tala Guds ord. På føremiddag tok han utgangspunkt i paragraf 1 i den første innstruksen for personalet ved Rauma Ungdomsskole (i dag Molde Folkehøgskole) og knytte denne til Jesu ord i Johannes 15 om vintreet og greinene. På ettermiddag tala



Sondre Bårnes med familie blir presentert for forsamlinga på Orrenesstevnet.

Halås om når Jesus stilla stormen på Genesaretsjøen, og minte om at Jesus er med oss både i gode og vonde dagar.

**Dagleg leiar** på Orreneset, Annbjørg Bårnes fikk presenterte sin yngste sønn Sondre, som er den nye arbeidaren på misjonscenteret.

Saman med familien har han flytta frå Egersund til Sunnmøre og teke til i 100 % stilling som kokk og altmuligmann på Orreneset. Sondre og familien fekk ein fin blomst frå Sunnmøre Indremisjon.

**Samstundes takka** Annbjørg Signe Bjørnstad for stor innsats som frivillig medarbeider de siste 11 årene, og alt arbeidet har ho gjort på fritida. Som Annbjørg sa; "vi hadde ikkje klart oss utan deg".

**At Sondre Bårnes** er utdanna bakar fekk forsamlinga både sjå og smaka da det etter kjøttkakene vart dekkja eit fantastisk kakebord, kor Sondre hadde baka alt saman.

**Vi takkar** for ein fin dag på Orreneset. Vi minner også om at Orreneste nå både har eiga heimeside [www.orreneset.no](http://www.orreneset.no) og er aktive på Facebook. Er du på Facebook så gå inn og lik Orreneset så får du med deg det som skjer der.

(Du kan sjå fleire bilete frå stemnedagen på [www.imfsunnmore.no](http://www.imfsunnmore.no))

//// **Tekst:** Arild Ove Halås

//// **Foto:** Randi Fagerhol Lauvås

# Lederkonferansen ImF



**Helga 9.-11. november** arrangeres ImF sin store Lederkonferanse. Dette er ei samling for alle som på ulike måtar er med i misjonsarbeidet, enten du kallar deg leiar eller ikkje. Dei mange som reiste på konferansen i fjor hadde stort utbytte av dette, og kom heim at med ny kveik til å fortsette arbeidet i Guds rike.

Det er ein stor fordel (men sjølvsagt ikkje naudsynt) at fleire frå same forsamling reiser i lag. Då kan ein ta med seg heim inspirasjon saman, og det er lettare å formidle det ein har fått til dei som ikkje var med. Frå Langevåg reiste til dømes heile 12 personar på fjorårets konferanse, og dei gjer uttrykk for at det var til stor nytte for arbeidet i forsamlinga. For nærare informasjon henviser vi først og fremst til nettsida [www.leder-konferanse.no](http://www.leder-konferanse.no) men vi tek likevel med ei oversikt over nettverka som skal vera.

**Forsamlingsbygging** grunnleggjende / Forsamlingsbygging viderekommende / Nye fellesskap / UNG / Mens de snakket sammen kom Jesus og slo følge med de / Det handler ikke om meg / Trosforsvar / Forkynnelse / Håp gjennom godhet / Familie / God lyd.

**Kvart nettverk** har samlingar over tre dagar. I tillegg er det tilbod om heile 25 valfrie seminar som du kan velje mellom. **Vi vil så sterkt** vi kan oppmode så mange som mogleg om å reise på årets Lederkonferanse. Det er lurt å vera snar å melda seg på da det er plass til maksimalt 600 deltakarar. For alle dykk som er i arbeid eller går på skule så vil det vera

ei god investering å ta ut ein feriedag denne fredagen og få med seg heile konferansen. Det er ei intensiv helg, men den gjer eit stort utbytte.

Det er også ein stor fordel om fleire frå same forsamling / fellesskap kan reise saman.

Frå **Sunnmøre** set PLUSS-reiser opp buss med avreise fredag 1145 frå Moa og kl. 1300 frå Volda. Plusstreiser har også booka eit hotell i Bergen kor dei fleste som er på konferansen vel å bo.

For meir informasjon kan du kontakte krinskontoret. Påmelding skjer via nett, men har du ikkje tilgang til internett kan vi på kontoret hjelpe deg.

## Inspirasjonsdager for kvinner

**Tema: Jesuskvinner i Bibelen**

Personalleier i  
Indremisjonsforbundet  
Aud Karin Kjølvik Ringvoll



Nærmere program  
kommer på  
[www.imfsunnmøre.no](http://www.imfsunnmøre.no)

**Brusdalsheimen 19.-20. oktober 2018**

## ORGAN FOR SUNNMØRE INDREMISJON

### Heimemisjonen

Redaktør: Johan Halsne  
Postboks 7836 Spjelkavik,  
6022 Ålesund  
Tlf. 70 17 86 70  
Fax. 70 17 86 69  
Bankgiro: 3000.15.31235  
E-post: [sunnmore@imf.no](mailto:sunnmore@imf.no)  
Internett: [www.imf.no/sunnmore](http://www.imf.no/sunnmore)  
**ImF-UNG Sunnmøre**  
[imfung-sunnmore.no](http://imfung-sunnmore.no)

### Brusdalsheimen

Telefon: 70 27 45 53  
Bankgiro 3900.31.17255  
**Orreneset Misjonscenter**  
Telefon: 70 25 07 56  
Bankgiro: 4045.07.07211  
**Daggry barnehage**  
Telefon: 70 18 24 97  
Bankgiro: 3000.21.36682  
**Ålesund Folkehøgskule**  
Telefon: 70 17 76 00  
Bankgiro: 8220.02.20788

### Møre Ungdomsskule

Telefon: 70 17 66 70  
Bankgiro: 8220.02.80287  
**Møre barne – og ungdomsskule Skodje**  
Telefon: 40 29 36 41  
Bankgiro: 3000.32.36796  
**Møre barne - og ungdomsskule Herøy**  
Telefon: 70 08 05 50  
Bankgiro: 3000.18.45655

### Begravelsesbyrået

**Sunnmøre A/S**  
Telefon: 70 17 86 60  
Vakttelefon: 90 86 38 56  
**Plusstreiser AS**  
[post@plussreiser.no](mailto:post@plussreiser.no)  
Telefon: 70 17 90 00  
[www.plussreiser.no](http://www.plussreiser.no)  
**Radio Sunnmøre**  
Telefon: 70 15 41 00  
Bankgiro: 3900.21.10311  
[www.radiosunnmore.no](http://www.radiosunnmore.no)

# Konfirmasjon på Skodje bedehus



**6.mai 2018 var ein festdag på Skodje bedehus. For andre året på rad, hadde dei konfirmasjon på G11-samlinga si. I fjor var 2 gutar konfirmerte her, dette året var Rebekka Magerholm åleine konfirmant.**

Rebekka har delteke på KonFu, eit konfirmasjonsopplegg som ImF-UNG Sunnmøre har saman med Emblem bedehusforsamling, NLM Nordvest og Misjonssalen i Ålesund. I løpet av året har dei vel 30 konfirmantane som var med dette skuleåret, delteke på 2 weekendar og 6 «Superlørdager». Samlingane inneheld god undervisning, men også aktivitet og sosialt samvær. I løpet av året vert dei godt samansveisa og nye vennskap oppstår.

Rebekka og foreldra ønska å ha konfirmasjonen på Skodje bedehus, og Mathias Lindgren

Mulelid og Randi Fagerhol Lauvås frå ImF-UNG Sunnmøre var med på denne gudstjenesta saman med den lokale forsamlinga. Mathias har følgd konfirmantane gjennom heile året, så han fortalde og viste bilder frå samlingane og Randi hadde talen for dagen. Rebekka sjølv tok del med skriftlesing, og vart intervjuet om korleis ho hadde hatt det på KonFu. Sjølve konfirmasjonshandlinga var høgtideleg og fin, og det var forbønshandling av personar frå forsamlinga og ImF-UNG. Tusen takk til Rebekka Magerholm, foreldra og forsamlinga på Skodje bedehus for samarbeidet og ei flott konfirmasjonsgudstjeneste.

## KonFu

Sunnmøre Indremisjon og NLM har i mange år hatt tilbod om eit konfirmasjonsopplegg for barn frå heile Sunnmøre. Det starta opp for å vere eit supplement til konfirmasjon i kyrkja på heimplassen, for at ungdomane skulle få bli kjent

med andre kristne ungdomar og få grundigare undervisning. Så har det etter kvart blitt slik at Emblem bedehusforsamling og Misjonssalen har blitt med, og dei har no hatt konfirmasjon i fleire år. 2016 var første året vi i Sunnmøre Indremisjon og ImF-UNG Sunnmøre var med på konfirmasjon på Blindheim bedehus. Så har det altså to år på rad vore konfirmasjon på Skodje bedehus.

Ein kan fortsatt vere med på KonFu som eit supplement til konfirmasjonsundervisninga og konfirmasjonen i kyrkja, men vi skriv dette for at de skal vite at dette er eit tilbod, og at det går an å ha konfirmasjon lokalt sjølv om ikkje alle har ei stor forsamling å høyre til. No er eit nytt KonFu-år i gang, og kanskje kan det modnast fram til neste år for fleire til å velje denne løysinga på konfirmantåret.

//// Tekst: Randi Fagerhol Lauvås

//// Foto: Privat



Konfirmasjonsdagen – Mathias Mulelid, konfirmanten Rebekka Magerholm og Randi Fagerhol Lauvås



Stor aktivitet på KONFU-leir på Ørskogfjellet

## MIT STOP

**19.-21. Oktober**  
**Misjonssalen Ålesund**  
**Tema: Hellig**  
**Taler: Andreas Evensen**

<p><b>Fredag:</b></p> <p>20:00 Ungdomsmøte</p> <p>22:00 Nattkafé med quiz</p>	<p><b>Lørdag:</b></p> <p>17:00 Seminar</p> <p>18:15 Seminar</p> <p>22:00 Ungdomsmøte</p> <p>22:30 Gospelnight</p>
<p><b>Søndag:</b></p> <p>11:00 Søndagsmøte</p>	

## LEIR HAUST 2018

**2.-4. Klasse**

**Minileir3**

29.-30. September

Pris: 400 kr (ny pris)

**Minileir4** 🧑🧒🍎🌱

3.-4. November

Pris: 400 kr (ny pris)

**Brusdalsheimen**

**5.-7. Klasse** 😎👟

**Orrenesleikane**

21.-23. September

Pris: 600 kr (ny pris)

**Orreneset** 🍌🐟🍴👶👶

**Twensleir**

16.-18. November

Pris: 600 kr (ny pris)

**Brusdalsheimen**

**Familieleir**

12.-15. April 2019

**Orreneset**

Søskenermoderasjon (ny) :  
30% rabatt for barn 2,  
50 % rabatt for barn 3

**8.-10. Klasse** 🧑🧒

**Night Games**

16.-18. November

Pris: 700 kr (ny pris)

**Orreneset**

For påmelding og info: [www.imfung-sunnmore.no](http://www.imfung-sunnmore.no)

# Nytt frå krinsen

## Ny nettadresse

**Heimesida til ImF-Sunnmøre** har fått ny adresse. Den nye adressa er [www.imfsunnmøre.no](http://www.imfsunnmøre.no) Her vert det nå lagt ut ei til to nye saker kvar veke og i tillegg finn du ein oppdatert møtekallender for alle møta som står på reiseruta til krinsen.

**Alt du treng** å gjere er å skrive inn [imfsunnmøre.no](http://imfsunnmøre.no) i nettlesaren din så er du inne på heimesida. Vi oppmodar om at du bruker sida og informerer andre du kjenner og møter om den nye adressa.

## Nytt om namn

**I Radio Sunnmøre** er Ragnhild Kristine Vartdal Espelund tilbake som dagleg leiar etter fødselspermisjon. Victor Haram har denne høsten gått ned i 20 % stilling i radioen.

**I Begravelsesbyrået Sunnmøre** har Ingvild Flesjå Grønfur gått ut i ½ års permisjon. Hilde Vartdal Clausen (bildet) er ansatt som vikar for Ingvild denne perioden. Hilde er frå Ørsta og er nå bosatt i Ålesund.

**Rektor Arve Fiskarstrand** ved Møre Barne- og ungdomsskole i Herøy har sluttet i stillingen. Knut Einar Tokheim er konstituert som rektor for ett år.

**I Emblem Bedehusforsamling** har Nikolai Sundklakk startet som ungdomspastori 50 % stilling frå og med august.

**I ImF-Sunnmøre** har Arild Ove Halås begynt i 80 % stilling frå 15. august. 40 % av tiden er han utleid til Nordmøre og Romsdal Indremisjon. Halås skal reise en del som forkynner og jobbe med en del administrative oppgaver på krinskantoret.

## INSPIRASJONSHELG

### Brattvåg bedehus

19. - 21.oktober

v/Jens-Petter Jørgensen

"Sterk nok til å være svak"

"Våger vi å tale sant om livet?"



Jens-Petter Jørgensen

**FREDAG:**

kl.19.00

Sang: Familien Knotten  
Kveldsmat etter møtet



Familien Knotten

**LØRDAG:**

Seminar: kl. 11.00 og kl. 12.00

"Når troen setter spor"

Kaffipause mellom timane

kl. 19.00

Sang: Tor Rødseth m/band



Tor Rødseth

**SØNDAG:**

kl. 11.00: Storsamling

Sang: Bedehusgruppa

Johan Halsne deltar

Kaffi etter møtet



Gudrun



Marit



Hilde

Kollekt på alle møte

**Velkommen!**



Johan Halsne



Arrangører: Sunnmøre Indremisjon og Brattvåg Indremisjon

## 60 + på Brusdalsheimen



Oddveig og Kolbjørn Molnes var mellom fleire som deltok med song- og musikk på årets 60 + leir

20.-23. august var cirka 25 personer samla til 60 + leir på Brusdalsheimen. Jostein Mulelid var leirsjef og Gunnar Prestegård var hovedtaler. Arild Ove Halås talte på ei kveldssamling og hadde ein bibeltime. Ulike sangkrefter tok del på kveldsmøta, og krinsleiar Johan Halsne var med på festkvelden. Møta varåpen for alle, så ein del kom til enkeltmøter, spesielt om kvelden.

Både det sosiale og det åndelige fellesskapet er viktig på ei slik leir. Godt å få lytte til god forkynning, få dele vitnesbyrdet og nattverdsmåltidet med kvarnadre.

Samtalen rundt gode måltid og kaffekoppen er viktig. Stemninga var god og latteren runge høgt utover kveldstimane.

Som tradisjonen er på slike leirar var det tur også i år. Denne gangen med buss og ferje til Lepsøya. Der tok Annbjørg og Andreas Hellevik imot oss. Lunsj på bedehuset og omvisning der før vi fortsatte med rundtur på øya og besøkte prestegarden og museet i kjellaran. Det var sol og flott ver så dette vart ein fin og opplevelsesrik dag. Mange var på Lepsøya for første gong.

Vi takkar for gode og rike dagar og flott fellesskap. Så er det berre å sette av dagene i veke 34 til neste år.

//// **Tekst:** Hilde Giske Lukkedal

//// **Foto:** Arild Ove Halås

# Nytt frå Daggry barnehage



Oversiktsbilde over den flotte nye barnehagen vår.

**Daggry barnehage vart starta opp av Sunnmøre Indremisjon 17.april 1978, med to avdelingar for barn 3-6 år. Det var den første barnehagen i Giske kommune. I 2003 vart barnehagen utvida med ei avdeling, og hausten 2017 flytta vi inn i heilt nytt bygg med 4 avdelingar; 2 for småbarn 1-2 år og 2 for barn 3-5 år.**

Det barnehageåret vi vart 40 år, vart eit heilt spesielt år. Etter å ha venta i mange år, stod det endeleg eit heilt nytt flott og moderne bygg klart til oss, som vi fekk ta i bruk. Vi gledde oss stort over den nye barnehagen, som vi har fått vore med på å forma heilt frå starten, saman med arkitekten.

Vi har hatt eit spennande år, men også eit år med mange utfordringar. Vi skulle bu oss inn i nye lokaler, ha tilvenning for mange nye barn, og også tilvenning for dei gamle barna, bli kjent med mange nye foreldre, lage oss nye rutiner på det meste

og nye tilsette skulle sette seg inn i jobben og bli ein del av miljøet vårt. Men det har også vore mykje glede og mykje givande arbeid. No når vi har starta på det andre året i denne barnehagen, så har ting fått roa seg, vi har fått gode rutiner og vi trivast godt alle saman.

Av særskilte arrangement så har vi hatt offisiell opningsfest med innbodne gjester, og ein eigen fest for barna forrige haust I vår feira vi 40-årsjubileum med barn og personale. Ellers har vi mange arrangement gjennom året saman med barn og foreldre, som hausttakkefest, julefest, Ope Hus med salg av lodd og mat, avslutningsfest for året, dugnad, osv. Likevel er kvardagen og tida saman med barna den viktigaste delen av jobben vår, og som vi har mest fokus på.

Rammeplan for barnehager gir føringar for kva norske barnehagar skal jobbe med, og vi har forplikta oss til å gje eit tilbod med høg kvalitet. Det er mykje læring i barnehagen, og all læring skal skje gjennom leik og opplevingar. Barnehagen sitt særpreg er omsorg, leik, vennskap,

læring og danning, og barnehagen vert rekna som det første steget i utdanningsløpet.

Vår barnehage har ein utvida kristen formålsparagraf, noko som betyr at vi legg særskilt vekt på dei kristne verdiane. Det kristne innhaldet er ein naturleg del av kvardagen vår. Vi bruker mykje kristne barnesanger og barnebøker, vi har kristen samlingsstund kvar veke med bibelfortelling eller kristen etikk, vi lærer bibelvers og bønner og vi legg vekt på høgtidene. Haldningane våre i kvardagen skal gjenspeile det vi trur på, og samtidig skal vi ikkje skape splid mellom barnet og heimen, men formidle den kristne budskapet på ein god måte. Vi vil gje barna gode verdiar som dei skal få med seg vidare i livet sitt, vi vil lære dei om den kjærleiken som Bibelen viser oss, med Jesus som førebilete. Vi 25 som jobber her vil vere varme tydelege og kompetente vaksne med mykje kjærleik til barna.

Vi har verdens viktigaste jobb, fordi vi jobbar med å forme menneske, dei er framtida og skal overta i samfunnet etter oss. Dette gjer



Lunchpause i barnehagen.

jobben vår meningsfull og verdifull. Vi har ei viktig rolle i barnas liv, og målet vårt er å gjere kvart barn til den beste utgåva av seg sjølv, i nært samarbeid med heimen.

Vi har ein flott barnehage som er tilrettelagt for å gje barn dei beste utviklingsmuligheiter, og vi har kompetente varme vaksne i personalet, som gjer ein god jobb med barna og sørger for at vi alle har det godt i vårt fellesskap. Vi takker Gud for barn og vaksne her, barnehagen, og den muligheita vi har til å nå barna med den kristne budskapet, og vi veit at det gir ein ekstra kvalitet til innhaldet i vår barnehage!

**Kari-Lise Ose Nordstrand, styrar**  
(Innlegget er forkorta, men kan lesast i si heilhet på [www.imfsunnmøre.no](http://www.imfsunnmøre.no))

# MINNEORD



**Skulesjef Odd Giske har gått heim til Gud, 91 år gamal. Odd var utdanna lærar, og etter eit kort tid i Finnmark, slo Aase og Odd seg ned i Randesund. Utanom arbeidet i skulen, fekk indremisjonskrinsen nytte han i mange oppgåver.**

**Særleg hadde han glede av å vere med å bygge opp barne- og ungdomsarbeidet i krinsen. Han brukte også tid i politikken, og var ei tid varaordførar i kommunen.**

**Etter at han kom tilbake til Sunnmøre var han lærar i Giske skule, og vart seinare skulesjef. Også her engasjerte han seg i arbeidet på bedehuset, og var ei tid formann i Giske Indremisjon. Etter kvart kom han også med i ymse oppgåver i Sunnmøre Indremisjon. I to periodar var han krinsformann, og han gav uttrykk for stor glede over eit godt samarbeid med Gunnar Kjøde då han kom tilbake frå Bergen.**

**Ålesund Folkehøgskole var eit hjartebarn for Odd. Han hadde i sin ungdom gått på «Møre» og kjærleiken til skulen fylgde han gjennom livet. Han var ikkje berre med i styret,**

**men tok også på seg oppgåva som rektor ein periode, då skulen hadde vanskar her.**

**Eit nytt hjartebarn fekk Odd då Radio Sentrum kom til. Han såg stort på den utfordringa radioen hadde med å få forkynt evangeliet til menneske som elles ikkje samlast der Guds ord vart forkynt. Han var mykje nytta som andaktshaldar og tok elles på seg andre oppgåver for radioen.**

**Underskrivne fekk den glede å invitere Odd med i arbeidet i Ordet og Israel. Han gjekk inn i arbeidet med iver og glede. No nytta han mykje tid til å granske det profetiske ord, og han fekk eit klart syn på Guds arbeidsplan for Israel. Vi hadde den glede å få reise saman og forkynne dette både på Sunnmøre og andre områder. Vi hadde også stor glede**

**av å arbeide saman som reiseleiarar for Plussreiser med grupper til Israel. Ei tid var Odd distriktsekretær for Ordet og Israel i Møre og Romsdal.**

**Etter at Odd vart pensjonist engasjerte han seg også meir politisk og var ein periode med i formannskapet der han representerte Kr.F.**

**Odd Giske voks opp i ein heim og eit miljø med sterke røter i vestlandsk bedehuskultur. Faren, Karl var forkynnar i Sunnmøre Indremisjon. Odd kjende seg heime i eit lågkyrkjeleg åndeleg miljø, og han nytta mykje av sine gode ressursar for å arbeide og forkynne i eit slik miljø. Vi er takksame for Odd Giske sitt store arbeid mellom oss, og lyser Guds fred over hans minne.**

*Kjell Furnes*

## REISERUTA - hausten 2018

**JOHAN HALSNE:** 10.-12.08: Skjærgårdssang (Plussreisør), 24.-26.08: Evje, 31.08-02.09: Song og musikkhelg Fosnavåg, 15.-29.09: Kypros, 03.-04.10: Leine, 05.-07.10: Remøya, 16.10: Folléstaddalen, 17.10: Åmdalen, 19.10: Brattvåg, 20.10: Hundeidvik, 21.10: Vigra, 25.-28.10: Vedavågen, 07.11: Gursken, 08.-11.11: Lederkonferanse, 21.11: Lepsøy, 23.-24.11: Åkrehamn, 25.11: Auklandshamn, 29.11: Ellingsøy (Stjernedryss) 29.11-02.12: Stjernedryss, 07.-09.12: Stjernedryss, 09.12: Storsamling, 13.-16.12: Stjernedryss  
**ARILD OVE HALÅS:** 19.08: Orrenesstemne, 06.09: Spjellkavik, 13.09: Spjellkavik, 21.-23.09: Giske, 23.09: Sykkylven bhf., 12.-14.10: Skodje, 14.10: Brattvåg, 18.10: Ellingsøy, 03.11: Radiomessø, 08.-11.11: Lederkonferanse, 15.11: Spjellkavik, 30.11-02.12: Ulsteinvik, 02.12: Spjellkavik  
**RANDI FAGERHOL LAUVÅS:** 19.08: Orrenesstemne, 07.09: Lepsøy, 09.09: Tennfjord, 17.09: Emblem, 18.09: Frøystad og Remøy, 20.09: Bergen, 23.09: Emblem, 24.09: Oslo, 18.10: Skodje, 29.10: Brattvåg, 08.-11.11:

Lederkonferanse, 16.-18.11: Leir, 09.12: Storsamling,  
**MATHIAS LINDGRØN MULELID:** Mathias Lindgrøn Mulelid: 02.09: Østre Ellingsøy, 04.09: Møre Hatleholen, 14.-16.09: KonFu 21.-23.09: Leir, 26.09: Ålesund folkehøgskole, 29.09: KonFu, 02.10: Møre Hatleholen, 03.10: Hundeidvik, 05.10: Østre Ellingsøy, 19.-21.10: PitStop, 23.10: Lepsøya, 25.10: Valderøya, 29.10: Emblem, 06.10: Møre Hatleholen, 08.-11.11: Lederkonferanse, 16.-18.11: Leir, 20.11: Godøya, 28.11: Godøy, 01.12: KonFu, 11.12: Møre Hatleholen, 11.12: MUSK Herøy, 26.12: Giske  
**HILDE SOFIE BLINDHEIM ØSTREM:** 24.10: Gamlem (basar), 08.-11.11: Lederkonferanse, 03.-04.11: minileir, 16.-18.11: Leir, 25.11: Ulsteinvik, 02.12.: Godøy, 09.12: Storsamling  
**AUD KARIN KJØLVIK RINGVOLL:** 19.-20.10: Kvinnehelg Brusdalsheimen, 21.10: Langevåg  
**ANNE OG ERIK FURNES:** 04.-07.10: Giske,  
**MARIT STOKKEN BERLAND:** 14.-25.11: Berge, 13.-16.12: Stjernedryss  
**IRENE KROKEIDE ALNES:** 14.-25.11: Berge, 13.-16.12: Stjernedryss

**ANDREAS EVENSEN:** 19.-21.10: Pitstop  
**BJARTE VESETVIK:** 16.-18.11: leir  
**HARALD TJERVÅG:** 29.11- 01.12: Godøy, 02.12: Vigra  
**KJELL FURNES:** 24.-26.08: Vest-Finnmark, 09.09: Blindheim, 11.09: Folléstaddalen, 12.09: Åmdalen, 16.09: Skodje, 18.-19.09: Syvde, 02.-03.10: Eidsdal, 10.10: Lepsøy, 21.10: Sykkylven bhf., 28.10: Ellingsøy, 01.11: Østre Ellingsøy, 07.-11.11: Kosmo, 18.11: Sykkylven bhf., 16.12: Langevåg, 28.12: Sjøholt  
**ARVID ØDEGÅRD:** 23.09: Blindheim, 14.10: Godøya, 14.-18.11: Sævik og Gamlem, 25.11: Vigra.  
**JARLE BERLAND:** 05.-09.09: Hundeidvik, 17.-21.10: Ulsteinvik, 13.-18.11: Sula, 21.-24(25): Valle, 25.11: Skodje  
**HILDE GJENGEDAL OG GUDRUN LONGVA:** 19.08: Orrenesstemne, 09.09: Volda, 16.09: Ellingsøy, 18.-28.09: Plussreiser, 07.10: Vigra, 19.-21.10: Brattvåg, 28.10: Giske, 06.11: Folléstaddalen, 15.-18.11: Tennfjord og Slyngstad, 28.11: Åmdal  
**ODDRUN BJØRDAL:** 26.08: Sjøholt, 04.11: Blindheim

**KAI EVEN BJØRDAL:** 18.11: Godøya, 28.12: Giske  
**HELGE DIMMEN:** 11.11: Vigra, 25.11: Blindheim  
**RAGNHILD OG ARVID PETTERSEN:** 29.11-02.11: Stjernedryss  
**JOSTEIN MULELID:** 26.08: Vigra, 17.-19.10: Volda, 20.10: Skodje, 25.10: Rovde  
**ODDBJØRN BRUNSTAD:** 16.09: Vigra  
**STÅLE TØNNESEN:** 26.08: Sykkylven bhf.  
**VICTOR HARAM:** 11.11: Skodje, 18.11: Blindheim  
**PER ARNE OG INGER LILLEBØ:** 25.10: Hjørungavåg  
**PER SÆVIK:** 07.10: Blindheim, 11.11: Ellingsøy  
**ANBJØRN WALDERHAUG:** 26.-28.10: Sjøholt  
**HÅRE MAGNE REMMEN:** 29.12: Sykkylven  
**ROBERT UGGEDAL:** 15.11: Ellingsøy  
**LARS ERIK NESSETH:** 04.10: Ellingsøy, 24.10: Hjørungavåg  
**ODD ASBJØRN NYBØ:** 16.12: Sykkylven bhf.  
**ODDVEIG OG KOLBJØRN MOLNES:** 29.09: Fiskå.